

Referat dialogmøte kollektivtilbod

Stad: Grand hotell, Leirvik 05. mai 2015

Til stades: Liv Kari Eskeland, Mariann Jakobsen Hilt og Ove Kvalnes (Stord kommune), Ruth G. Østebøvik Eriksen, Olav Bergmoll (Sveio kommune), Wenche Tislevoll, John Karsten Raunholm (Fitjar kommune), Geir Aga (Bømlo kommune) og Vigdis Bjørge, Wenche Soleng, Stine Karoline Olsen (Skyss)

Felles innspel frå kommunane:

- Det er viktig for kommunane at Skyss har ei god samordning av rutene for buss, båt og ferje og at det er gode definerte knutepunkt. Det er avgjerande at kollektivtilbodet i Sunnhordland består av eit samanhengande rutetilbod og korrespondansar.
- Høge prisar er ei av hovudårsaka til at folk vel bort kollektivtrafikk som alternativ i dag. Tilbodet er også for dårleg kjent.
- Kommunane meiner det er viktig at «effektiviseringsvinsten» av betre samordning av skuleruter kjem kommunane til gode i form av betring av tilbodet
- Det er ønskje om sanntid/informasjonskilt på sentrale knutepunkt som Leirvik m.m..
- I trafikkplanarbeidet må ein bruke relevante underlag, som t.d. planar i dei ulike kommunane og regionen, reisevaneundersøkingar, passasjeratall m.m..
- Skyss bør vurdere å utarbeide nokon målformuleringar for Sunnhordland, t.d knytt til andel passasjerar, andel av arbeidsreisande.
- Det er viktig med god informasjon kring nytt rutetilbod. Det bør gjennomførast eit eige marknads- og informasjonsarbeid i samband med nytt rutetilbod.

Innspel frå Stord kommune:

- Kommunen opplever at dagens rutetilbod er eit «historisk» rutetilbod.
- Spesielt Heiane er eit utfordringsområde sett i høve til dagens rutetilbod, her har område utvikla seg mykje og det er etablert mange arbeidsplassar. Det går mykje trafikk mellom Heiane og Leirvik, og mellom Heiane og Fitjar.
- Rutenettet og kollektivtilbodet i kommunen er ikkje godt kjent blant kommunen sine innbyggjarar. Det er viktig at nytt rutetilbod er planlagt med utgangspunkt i behovskartleggingar på store arbeidsplassar og passasjertelling.
- Skyss bør også undersøke om ein har dei rette stoppa på traseane. Sentrale arbeidsplassar manglar busstopp.
- Stord har ikkje planar om endringar i skulestrukturen.

Innspel frå Sveio kommune:

- For Sveio er det sentralt at Hordaland og Rogaland fylke har god samordning og samarbeider om tilbodet på tvers av fylkesgrensene.
- 50 % av kommunen sine innbyggjarar pendlar ut av kommunen til jobb (i hovudsak til Haugesund). Om lag 99 % av VGS-elevane i Sveio går på skule i Haugesund.

- Det er viktig at ungdommane i Sveio opplever at reiser til Haugesund/Karmøy fungerer saumlaust.
- Det er generelt svært få busspassasjerar i Sveio, med unntak linjene mellom Sveio/Stord og Haugesund. «Folk flest» køyrer bil. Det er i stor grad eldre og unge som nyttar busstilbodet.
- Den største veksten i kommunen vil vere frå Sveio sentrum og sørover – her er det størst potensial for effektiv kollektivtrafikk.
- Viktigast å prioritere hovudlinjer (framfor «sidelinjer»). Bør bli kombinert med gode mogelegheiter for parkering.
- Ønskje om ei ringbuss-rute mellom: Sveio– Haugesund - Aksdal- Haukås- Sveio, med fast regularitet.
- Skuleskyss har høgaste prioritet for Sveio kommune. Ein må også sikre betre samordning av vidaregåande skule sine skuleruter.
- Ønskje om ei meir avklart ansvarsfordeling mellom Skyss og operatør kring skuleskyssen. Skulane og kommunen må vite kven som handterer kva og kven som skal kontaktast.
- Per no er det ikkje planlagt endringar i skulestrukturen i Sveio.

Innspel frå Fitjar kommune:

- Arbeids- og skulebussane er relativt fulle, elles køyrar det mange tomme bussar.
- Viktigaste hovudknutepunkt: Fitjar sentrum, Leirvik, Heiane og Sandvikvåg. Viktig at Skyss har fokus på gode overgangar her. Mange køyrer til Sandvikvåg og tar Kystbussen vidare.
- Busstilbodet på dagtid på kvardagar blir opplevd som rimeleg godt.
- Dårlig busstilbod i helgane, spesielt er det vanskeleg å kome seg heim frå Leirvik på laurdagar. Det er også behov for eit betre tilbod søndagar slik at ein kan ta buss til kino, fritidsaktiviteter mm. Det går buss frå Leirvik til Fitjar kl.22 på kvardagar, men ikkje helg.
- Ønskje om fleire bussar om Helland. Spesielt burde bussen frå Leirvik kl.16.50 gå om Helland.
- Skulerutene fungerer stort sett greitt sett i høve til barne- og ungdomsskulane.
- Frå VGS er det eit hovudønskje at bussane går til same tid frå Leirvik. Bussane er veldig fulle og mange elevar må ta bussen kl.06.50 sidan det er for fullt på bussen som går kl.07.10. Dette fører også til at mange elevar kjem for seint på skulen pga forseinkingar på bussen.
- Ikkje planlagt endringar i skulestrukturen i Fitjar.

Epost 31.05.14, John Karsten Raunholm, Fitjar kommune:

- Fint om du kunne fått med at det er eit konkret ynskje at bussen frå Sandvikvåg 20.45 bør gå om Helland.
- Viktig å få fram at «konebussen» på austsida av øya frå Eide til Fitjar t/r må halda fram 1 dag i veka. (torsdagar)

Innspel frå Bømlo kommune:

- Viktig at Skyss har fokus på viktige knutepunkt, også mot Kystbussen.
- Innbyggjarane i Bømlo er avhengige av gode bussforbindingar til Stord og Fitjar.
- Skyss må sikre tilstrekkeleg godt samarbeid med Kystbussen – innbyggjarane på Bømlo er avhengig av Kystbussen og opplever at Skyss-bussane korresponderer dårlig med denne.

- Viktig at bussen som kjem frå sør rekker hurtigbåten kl.06.30. Dette fungerer ikkje tilfredsstillande i dag.
- Skuleskyss har høgaste prioritet for Bømlo. Dernest kjem arbeids- og fritidsreiser.
- Viktigast å prioritere hovudlinjer (framfor «sidelinjer»). Det er «ok» å måtte køyre til knutepunkt for å kunne ta buss vidare.
- Ønskje om nokre linjer for å binde Svortland, Moster og Rubbestadneset saman på dagtid.
- Per no er det ingen planer om endring av skolestrukturen.

Innspel knytt til vegen vidare:

- På neste møte bør Skyss presentera kva prinsipp dei legg til grunn for nytt rutetilbod i Sunnhordland (t.d. prinsipp om korrespondansar, knutepunkt osv.).
- Ønskje om å inkludere dei andre kommunane i Sunnhordland på neste møte. Dialogmøte kan gjerne bli gjennomført i samband med møte i regionrådet.
- Regionrådet har møte 4 september og 22/23 oktober. Kan vere føremålstenleg å få til sak til møte 4. september.

Fra: [John Karsten Raunholm](#)
Til: [Vigdís Robak Bjørge](#)
Kopi: [Wenche Tislevoll](#)
Emne: SV: Trafikkplan Sunnhordland - dialogmøte 5. mai
Dato: 31. mai 2015 20:57:58

Hei igjen!

- Og takk for sist.
- Viser til innhaldet i referatet. Du har fått med deg det aller meste 😊. Flott jobba.
- ✓ Fint om du kunne fått med at det er eit konkret ynskje at bussen frå Sandvikvåg 20.45 bør gå om Helland.
- ✓ Viktig å få fram at «konebussen» på austsida av øya frå Eide til Fitjar t/r må halda fram 1 dag i veka. (torsdagar)

Tilbakemeldinga vert gjort i samråd med ordførar Wenche Tislevoll.

Helsing

John Karsten Raunholm, Skulesjef Fitjar Kommune

Fra: Vigdís Robak Bjørge [<mailto:Vigdís.Bjørge@skyss.no>]
Sendt: 26. mai 2015 10:41
Til: 'Hovland, Odd Harald'; 'Svarstad, Sverre Olav'; 'Eriksen, Ruth Grethe Ø'; 'bjarne.martinsen@sveio.kommune.no'; 'Liv Kari Eskeland'; 'Magnus Mjør'; Wenche Tislevoll; Atle Tornes; 'geir.aga@bomlo.kommune.no'
Kopi: Målfrid Vik Sønstabø; 'Gro Jensen Gjerde'
Emne: Trafikkplan Sunnhordland - dialogmøte 5. mai

Hei, og takk for godt møte på Stord den 5. mai om arbeidet med trafikkplan for Sunnhordland.

Vedlagt følgjer som avtala referat, med innspela frå kvar einskild kommune samt felles innspel til arbeidet. Fint om de kan distribuere referatet vidare i eigen organisasjon til andre deltakarar i møte. Eventuelle merknader eller tillegg som ikkje er kome med i referatet, ber eg vert sendt til underteikna.

Vi har som målsetjing å ha neste møte den 4. september, og då med alle kommunane i samarbeidsrådet. Vi kjem attende med meir informasjon om opplegg for dette.

Med venleg helsing

Vigdís Bjørge
Senior rådgjevar

Skyss | Vestre Strømkai 9 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 404 76 974 | Tlf.: (+47) 55 23 91 14

skyss.no | www.facebook.com/skyss.no



REFERAT FRA	Møte med Bømlo kommune				
MØTELEIAR					
REFERENT	Vigdis Bjørgo				
MØTEDATO	15.09.2015	TID	09.00-11.00	MØTESTAD	
REF. DATO	17.09.2015	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Geir Aga (Bømlo kommune), Wenche Soleng og Vigdis Bjørgo (Skyss)				
FRAVÆR					
KOPI TIL					

Agenda: Innspill til nytt bussanbud og trafikkplan for Sunnhordland

Nye traséer

Bømlo kommune informerte om veistrekninger som gir endringer i trasé:

- Langevåg-Våge, ferdigstilles 2016/2017
- Våge-Sakseidteen, start 2016/2017
- Sakseidteen-Stokkabekken, planlagt oppstart 2017?
- Rubbestadneset-Rolvsnes, planlagt oppstart 2017?

Stokkabekken terminal vil bli ferdigstilt til anbudsstart juli 2017.

Det er gjensidig ønske om å ha gode prosesser når det gjelder veiprojekt som berører valg av busstraséer, tilrettelegging for holdeplasser m.m.

Det er Skyss som avgjør hvor bussene skal kjøre. Der det planlegges omlegging av veitraséer, er Skyss avhengig av å få informasjon om pågående prosesser for å gi innspill til mulige løsninger samt å planlegge tilbudet.

For Bømlo gjelder følgende:

- I Bømlopakken er Skyss representert ved samferdselsseksjonen, Hfk
- For prosjekter utenom Bømlopakken ønsker Skyss tidlig informasjon og dialog om tiltak som berører kollektiv

Informasjon om endringer i skolestruktur og nye boligområder

Fra skoleåret 2018 vil ungdomstrinnet på Rubbestadneset flyttes til Svortland.

Nye boligområder er planlagt på nordsiden av Fv, vest for Svortland sentrum. Dette utløser ikke behov for skoleskyss.

Konkrete innspill til nytt anbud

- Viktig å definere knutepunkt, for korrespondanser og omstiging bil/buss. Stokkabekken terminal må utnyttes. Aktuelle knutepunkt: Stokkabekken, Gassasundet, Føyno.
- Tilbud på sideveier kan prioriteres ned.



- Ønsker korrespondanse/mulig bytte mot Kystbussen – enten på Føyno (pri 1) eller Leirvik. Informasjon om mulige reiseløp bør vektlegges.
- Korrespondanse buss/båt på Rubbestadneset har høyest prioritet, knyttet til forbindelse mellom Svortland og Rubbestadneset.
 - o Informasjon til reisende om bussforbindelsen bør vektlegges.
 - o Ønsker buss fra Langevåg til båt på Rubbestadneset om morgenen
- Mosterhamn bør knyttes mot Svortland framfor Leirvik
- Sanntidsinformasjon på de tyngste linjene er et ønske.

Spørsmål til Skyss om båtanbud Espevær

Anbudet Espevær går ut i 31.12.2023, med opsjon om forlengelse i 2+2 år

Fra: [Aga, Geir E.](#)
Til: [Vigdís Robak Bjørge](#)
Emne: SV: Innspill til Trafikkplan Sunnhordland
Dato: 23. september 2015 08:30:12
Vedlegg: [image003.png](#)

Hei

Vil også takke for et godt møte.

Har noen merknader.


- Det er rett at dere hevdet at det var SKYSS som bestemte busstrasene. Det bør gå frem av referatet at jeg hevdet at busstraseer må fastlegges i samråd med kommunene (Ellers er det nå slik at dette er en større sak som ikke avklares gjennom et møte mellom oss tre). Dette vil vi følge opp og det er i høyeste grad et lokalpolitisk spørsmål som våre politikere vil engasjere seg i.
- Når det gjelder prioriteringer er dette selvsagt noe vi må ha prosess på. Her skulle dere kalle inn til et møte (jfr møte med ordførere/rådmenn før ferien). Det som står i referatet om å sikre gode forbindelser ut og inn av kommunen står liekvel fast og ikke minst sikre gode forbindelser mellom sentral knutepunkt (skysstasjoner) og gi alle deler av kommunen alternativ for å komme seg til Bergen tur/retur alle hverdager.
- Vi hadde også oppe spørsmålet om det var mulig å ha en snuplass for stor buss i Grutleområdet. I ettertid ser vi at vi kan få det til. Vi har dialog med SVV på dette.
- Når det gjelder aktuelle knutepunkt må selvsagt også kommunesenteret Svortland tas med. Det nye «skolesenteret» på Leite med tre ulike skoler og et stort idrettsanlegg bør også vere aktuelt som knutepunkt.

Da regner jeg med at vi kommuner i Sunnhordland hører fra dere når det gjelder bussanbudet.

Med helsing
Geir E. Aga
Rådmann

Epost: geir.e.aga@bomlo.kommune.no
Mobil: 941 71 093

Telefon: 53 42 30 52



Telefon: +47 53 42 30 00
Rådhuset | 5430 Bremnes
www.bomlo.kommune.no

Fra: Vigdis Robak Bjørgo [mailto:Vigdis.Bjorgo@skyss.no]

Sendt: 17. september 2015 09:07

Til: Aga, Geir E. <Geir.E.Aga@bomlo.kommune.no>

Kopi: Wenche Soleng <wenche.soleng@skyss.no>

Emne: SV: Innspill til Trafikkplan Sunnhordland

Hei,


Takk for godt møte.

Vedlagt følger et kort referat, som vi ber om tilbakemelding på dersom det er merknader.

Vennlig hilsen

Vigdis Bjørgo
Senior rådgjevar

Skyss | Vestre Strømkai 9 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 404 76 974 | Tlf.: (+47) 55 23 91 14
skyss.no | www.facebook.com/skyss.no

 Vennligst ikke slett dette bildet.

Trafikkplan Sunnhordland - dialogmøte

Møte: Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Leirvik, 28. september 2015

Deltakarar: Siri Klokkestuen, Ruth Eriksen, Liv Kari Eskeland, Marianne Hilt (delar av møtet), Synnøve Solbakken, Kjetil Hestad, Steinar Dalland, Geir Aga, Wenche Tislevoll, Ole Johan Vierdal, Renate Klepsvik (delar av møtet), Gro Jensen Gjerde, Reidun Rykkje

Frå Skyss: Vigdis R. Bjørge, Wenche Soleng, Gudrun Einbu

Innspel til trafikkplanen

- På Fitjar er det ønske om fleire avgangar om Helland (også få Koløy med seg)
- Fitjar ønskjer betre tilbod helg/kveld, kan kutte ned lite brukte ruter på dagtid
- Fitjar fornøgd med handlerute med maxitaxi

- Stord ønskjer betre tilbod ettermiddag og helg, og nattbuss spesielt i helgane, kan kutte ned lite brukte avgangar for å få dette til økonomisk
- På Litlabø kjem nytt mottak for mindreårige, 40 plasser, desse skal til Leirvik på undervisning
- Stord ønskjer å prioritere høg frekvens i rush på strekningar der flest reiser (sjukehuset/høgskulen – Leirvik – Heiane)

- Sveio er nøgd med tilbodet i hovedleia, men ønskjer betre «mating» til hovedleia
- Ønskje om tilbod for ungdommen med ringbuss Sveio sentrum – Haugesund – Aksdal tidlegare spelt inn til fylkesordførarane i begge fylka

- Bømlo har kome med innspel i eige møte med Skyss

- Ønske om betre samanheng buss og ferje til Tysnes, fokus på elevar til vidaregåande. Ungdom frå Tysnes må bo på hybel på Stord fordi dei ikkje kjem seg fram og tilbake
- Kvinnherad har også behov for å reise til Stord og Bergen, sjølv om ein har regionsenter på Husnes

- Ønske om at ein kan utvikle fleksibel bestillingstransport, ser at det ikkje er grunnlag for fast rutetilbod over alt.
- Korrespondansar. Ein opplev at det er dårleg samanheng, spesielt mellom land og sjø.

Andre innspel

- Haldeplass Haukås har behov for trafikksikringstiltak. Dårlig sikt, sjåføren ser ikkje at det står folk i knutepunktet. Haukås terminal er viktig for påkopling for reisande frå Etne med Kystbussen. (E39 – HFK rår ikkje over dette, vert meldt inn til SVV)
- Behov for betre infrastruktur for buss på Heiane, haldeplassar/knutepunkt
- Informasjon om rutetilbodet. Det er vanskeleg å finne ut av ruteheftet. Ønskje om å kople ferje/båt og buss i same hefte.
- Kystbussen – ønskjer at fylket tek meir styring over tilbodet, sjølv om dette er kommersielt.

Fra: [Synnøve Solbakken](#)
Til: [Vigdís Robak Bjørgo](#)
Emne: Re: Trafikkplan Sunnhordland
Dato: 30. september 2015 12:50:00
Vedlegg: [\[@-bc98c78840e5e526387b166e666b555eMzMwOTJ8LTF8dmlnYmpvfEVQSE9SVEU=-@\].png](#)
[\[@-bc98c78840e5e526387b166e666b555eMzMwOTJ8LTF8dmlnYmpvfEVQSE9SVEU=-@\].png](#)

Hei.

Takk for sist.

Snøggbåtrutene snakka me lite om.
Sambandet mellom Kvinnherad og Stord er blitt bra på mange måtar, spes morgonen.
Det er likevel mange tilbakemeldingar på manglande rute på kveldstid frå Leirvik Kl.18.05 til 22.15 manglar det eit rutetilbud det er eit behov.

Det same Bergen til Sunde mellom klokka 12.15 og 16.10 her er det også for lang tid mellom båtane.

Håpar de ser på dette.
På førehand takk.

Helsing

Synnøve Solbakken
Ordførar
Kvinnherad kommune

Sendt fra min iPad

Den 29. sep. 2015 kl. 13.56 skrev Vigdís Robak Bjørgo
<Vigdís.Bjorgo@skyss.no<<mailto:Vigdís.Bjorgo@skyss.no>>>:

Hei,

Takk for møte og innspel til trafikkplan Sunnhordland i går.

Vedlagt følgjer kort oppsummert det vi noterte oss av tilbakemeldingar i møtet. Eventuelle merknader eller tillegg som ikkje er kome med i referatet, ber eg vert sendt til underteikna.

Minner elles om fristen 23.10.15 for å gi ytterlegare innspel til planen.

Venleg hilsen

Vigdís Bjørgo

Skyss | Vestre Strømkai 9 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Mob.: (+47) 404 76 974 | Tlf.: (+47) 55 23 91 14

skyss.no<<http://www.skyss.no/>> |
www.facebook.com/skyss.no<<http://www.facebook.com/skyss.no>>

<[@-bc98c78840e5e526387b166e666b555eMzMwOTJ8LTF8dmlnYmpvfEVQSE9SVEU=-@].png>

<Trafikkplan Sunnhordland - dialogmøte 28.09.15.pdf>

Til Stord kommune

Kopi: Skys



STUDENTPARLAMENTET
Høgskolen Stord/Haugesund



Studentsamskipnaden
Stord / Haugesund

TRAFIKKPLAN SUNNHORDLAND, HØYRING

Vi vil få takke Stord kommune v/ ordfører Liv Kari Eskeland for at vi får høve til å komme med innspel til forslaget til trafikkplan for Sunnhordland.

Uttale:

Høgskolen Stord/Haugesund (HSH), Studentparlamentet ved HSH og Studentsamskipnaden Stord/Haugesund sendte 10.04.14 ein høyringsuttale til fylkeskommunen i samband med «Kollektivstrategi for Hordaland» der vi støtta hovudlinene, men der vi understreka trongen for at det burde lagast ein eigen kollektivplan for Stord og nabokommunane der ein kopla på sambandet til Haugalandet. Vi synes derfor det er sers positivt at dette blir følgt opp no gjennom at det blir utarbeidd ein trafikkplan for Sunnhordland.

Når det er sagt, så kan vi ikkje sjå at forslaget til «Trafikkplan Sunnhordland» tek høgde for at det i regionen Sunnhordland/Haugalandet bur 3200 studentar som studerer ved Høgskolen Stord/Haugesund. HSH har i sin uttale laga ein oversikt som viser at det er om lag 500 studentar som til dagleg pendlar til HSH på Stord, og at det i enkelte periodar kan vere opp til 1000 studentar som dagpendlar til Rommetveit. I kollektivplanen for Hordaland, som trafikkplanen for Sunnhordland skal bygge på, står det at ein skal «styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane». Rutetilbodet i Sunnhordland bør derfor i vesentleg større grad enn i dag ta høgde for den store reisestraumen av studentar til og frå HSH.

Når det gjeld konkrete innspel til teksten til «Framlegg til framtidig tilbod» i høyringsforslaget til trafikkplanen for Sunnhordland, så har vi følgjande merknader:

- 1) Under Stord, så kan vi ikkje sjå at HSH som stor arbeidsplass for studentar og tilsette er nemnt. *I tillegg til – særleg sjukehuset og Kverner Stord burde HSH på Rommetveit også vert med.*
Her burde det også stått at det bør vere *fleire avgangar mellom Leirvik og Rommetveit, spesielt i helgene.* Særleg er det eit problem etter kl 15 på laurdagar, og det burde gått søndagsbussar. På søndag kveld er det viktig å få minst ein avgang frå Leirvik til Rommetveit som korresponderer med Kystbussen frå Bergen sidan det er mange studentar frå Bergensområdet som er på heimebesøk i helgene og som skal tilbake til studiestaden på søndag ettermiddag/kveld. Det er og eit sterkt ønske frå studentane som bur på Rommetveit å få ein nattbuss slik at dei kan komme trygt heim frå Leirvik i helgene.
- 2) Under Bømlo, så er *korrespondanse med rute 700* sers viktig, både for dei som pendlar til Stord og til Haugesund. Gode forbindelsar mellom Føyne og Svortland, Mosterhamn og Finnås/Langevåg i rushtidene er viktig.
- 3) Under Kvinnherad (og også for Etne), så er det sers viktig *å få tilbake korrespondansen mellom buss frå Rommetveit og til båten til Kvinnherad/Skånevik.* I dag går båten frå Leirvik litt tidlegare enn bussen som kjem til Leirvik frå Rommetveit til Leirvik, slik at studentar som sluttar kl 12.15 på HSH må ringe til båten og gjere avtale om å venta på dei.


- 4) Under Fitjar, så er det viktig å ta med at det er sers viktig at Skyss syt for at det er busskorrespondanse frå Sandvikvåg til Rommetveit på søndag kveld for studentar frå Bergensområdet som reiser utan bil med Fjord1-ferjene og som skal tilbake til studiane på Stord etter heimebesøk i helga.
- 5) Under Sveio, gjer vi full tilslutnad til at linje 700 skal vere hovudlinje og utgjere hovudtilbodet. I tillegg til at studentar frå Sveio nyttar rute 700 til og frå høgskulen, har HSH på Stord hovudtyngda av dagpendlande studentar frå Haugesund/Karmøy. Ein god del av desse brukar rute 700, men dei fleste pendlar med bil. For å få fleire av studentane frå Haugalandet til å reise kollektivt til Stord, må alle avgangane på rute 700 frå Haugesund starte på Raglamyr, kjøre Fjellveien via Vardatun studentbustader, så til Flotmyr og vidare ruta heilt til Rommetveit, og same vegen på returen. Studentane som pendlar til Stord har og eit ønske om at morgonavgangen frå Haugesund kan ha avgang 15 minuttar seinare enn i dag slik at dei kjem til Rommetveit kl 08.15 i staden for kl 08.00. Undervisninga på Stord startar kl. 08.30. Det er også ein god del studentar frå Sveio og Sunnhordland som dagpendlar til Haugesund og da må rute 700 vere i Haugesund til undervisninga der startar kl 08.15.
- 6) Rute 700 som hovudline for studentane i regionen:
For studentane ved HSH er rute 700 mellom Haugesund og Rommetveit eit framifrå tilbod som vi ønskjer sterkt skal satsast på og vidareutviklast som ei hovudlinje i vår region, og då med auka frekvens. Bussar og båtar frå andre delar av Sunnhordland bør korrespondere langt betre enn i dag med denne linja.
Eit forslag frå oss til Skyss, som kan bidra til å gjere studentane ved HSH meir oppmerksom på det framifrå rutetilbodet på rute 700; - er å gjere som Kolumbus gjer i Stavanger ved å tilby gratis buss til studentane under semesterstarten. Dersom forslaget blir aktuelt skal vi meir enn gjerne vere med å marknadsføre eit slikt tilbod ovanfor studentane ved HSH.

I tillegg til behovet for eit styrka rutetilbod, så vil vi peika på at betalingsløysinga i Sunnhordland og på Haugalandet er heller ikkje tilfredstillande for studentane. Kollektivtransporten er framleis alt for dyr og antall takstsonar i regionen bør snarast reduserast. Sidan det ikkje vart fleirtal i fylkestinget for å få ei takstzone i Hordaland bør ein likevel jobba for å få til ei takstzone i heile Sunnhordland (einskapstakstzone). Mobilbillett for enkeltbillettar og periodebillettar må snarast på plass i vår region - og ikkje berre i Bergen.


Vi vonar at innspela våre blir tatt med i det vidare arbeidet med trafikkplanlegginga, og at planen bidreg til at vi får betre og meir effektive kollektivløysingar og betre og billegare rutetilbod for studentane i regionen slik at fleire vel å reise kollektivt.

Med helsing

Studentparlamentet ved HSH


Trond Ødegård
leiar

Studentsamskipnaden Stord/Haugesund


Heidi Aarøe Moe
direktør

Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Postboks 444
5403 STORD

Innspel frå Høgskolen Stord Haugesund i forbindelse med trafikkplan i Sunnhordland

Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) takkar for invitasjonen til å levere innspel i forbindelse med Samarbeidsrådet i Sunnhordland sin dialog med Skyss i forhold til nye ferjeambod, og trafikkplanlegging i Sunnhordland. Når ein spør etter forhold knytt til ferjer, heng dette i Sunnhordland så pass mykje saman med at ferjene skal korrespondere med bussar, at vi også ynskjer å sei noko om desse.

Sidan HSH er geografisk plassert i både Hordaland og Rogaland, og har difor logistikkutfordringar både mot sør og nord, og også i forhold til flyttingar mellom dei to campus i Haugesund og på Stord.

Studentar:

Vi har i dag 3200 studentar fordelt på våre to campus. Vi reknar at det er rundt 500 studentar som dagleg pendlar til Rommetveit på Stord. Det kan likevel vere opp til 1000 studentar til stade på enkeltdagar når dei samlingsbaserte studiene møtest.

Studieøktene er sett opp slik; Første økt i tidsrommet 08.30 – 12.15. Andre økt går 13.00 – 15.00. Onsdagar er det undervisningsfri etter 12.15.

Rushtidene er 08.00 til 09.00 om morgonen og 14.30 til 15.30 på ettermiddagen. I tillegg får vi eit «mellomrush» ca 12.00-13.00, særleg på onsdagar.

Dei konkrete behova som har komme opp når vi har arbeidd med pendlingsproblematikk, har vi sett opp i punktvis under:

- Pendling frå Bergensregionen: Nokre av studentane dagpendlar via Halhjem – Sandvikvåg. Ferjefrekvensen er god, men vi har for få bussavgangar som går via Jektevik og direkte til Rommetveit som korresponderer med Fjord 1 sine tilbod. Reiser ein via Sagvåg, krev det bussbytte på Leirvik.
- For dei som vekependlar er det meldt interesse av å ha buss frå Leirvik på søndag som korresponderer med kystbussen frå Bergen, minst ein gong dagleg.
- Ynskje om nattbuss frå Leirvik til Rommetveit i helgane som ein trygg måte å komme seg heim på etter ein sein Leirviktur.

- Pendlarar frå Kvinnherad og Skånøvik har problem med at båten frå Leirvik går litt tidlegare enn bussen som kjem til Leirvik, slik at dei som sluttar etter formiddagsøkta kl. 12.15 må ringe og gjere avtale for at båten skal venta på dei.
- For våre studentar som bruker Kvinnherad-ferja, er det langt å kjøre frå Skjerholmane til Rommetveit. Frå desse får vi også innspel i forhold til utstrekt bruk av utdatert ferjemateriell som gjer sambandet meir upåliteleg med enkelt avgangar som vert kansellert eller forseinka. I dagens miljødebatt får vi også innspel på at 30-40 år gammalt materiell umulig kan tilfredsstille dagen krav til utslepp.
- Halvparten av dei som pendlar til Stord kjem frå Haugesund/Karmøy området. Mange kjører privatbil grunna den lengre tida det tek å ta bussen. Dei som reiser kollektivt nyttar rute 700 som startar på Raglamyr 06.45 om morgonen, og sluttar tilsvarande på ettermiddagen. Om morgonen er denne bussen på Rommetveit kl. 08.00. Studentane ynskjer ruta skal ha avgang 15 min seinare frå Raglamyr, då undervisningsstart er først kl 08.30.
- Det er viktig å ta med at vi har ei tilsvarande pendling frå Stord, Bømlo og Fitjar mot Haugesund. Tilbodet på 700 ruta er difor viktig at er oppe og går også for denne gruppa.
- Vidare når det gjeld Skyss si 700 rute, så er Føyne knutepunktet for dei frå Bømlo som pendlar, både til Stord og til Haugesund. Gode forbindelsar mellom Føyne og Svortland (rute 800) er etablert, men også kobling mot Mosterhamn og Finnås/Langevåg i rushtidene er viktig.
- For studentar som reiser til ettermiddagsøktene som startar rundt 13.00 er det få tilbod, og dei som finst har bussbytte.
- Studentar som er i praksis, får ofte nye og utvida pendlarbehov. Særleg for sjukepleierstudentane, som har halve studietida si i praksis, er dette uttalt. På dagtid finst det kollektivtilbod, men manglar når dei skal heim frå seinvakter. Her er alternativet privatbil eller å ta drosje.

Tilsette:

Talet på tilsette ved høgskolen pr. oktober 2015 er rundt 320 personar. Omtrent halvparten har sitt daglege arbeid på Stord (ca. 160). Vi har også nokre som arbeider på begge campus. I dette talet er ikkje medrekna tilsette i Studentsamskipnaden, Statsbygg, underleverandørar, timelærarar/sensorar mv.

Normalarbeidstida ved høgskolen er 08.00 – 15.30. *Rushtida vår er i tidsrommet 07.30-08.15 om morgonen og ca 15.00-16.10 på ettermiddagen.*

- Ein ynskjer fleire direkteruter for buss utan bussbytte på Leirvik. Bussar til og frå Sagvåg/Heiane bør i rushtida gå direkte, gjerne innoom Leirvik, men då kun Leirvik som stoppestad. På denne tida bør dei heller ikkje kjøre omvegar via byggefelt før ein kjem fram. Viktig å kunna bruke betalingskort på alle bussar.
- HSH har fleire tilsette som deler jobben sin mellom Stord og Haugesund og som kvar dag reiser mellom studiestadane. HSH legg til rette for noko av dette ved å halde eigne bilar for tilsette, mens mange kjører privatbil. Nokre få bruker Skyss si 700 rute og Kystbussen, men den siste manglar korrespondanse til Rommetveit.
- Tidsaspektet er hovudårsaka til val av transport. Dersom 700 bussen hadde brukt kortare tid/hatt færre stoppestader mellom studiestadane, ville den vore meir attraktiv.

Slik situasjonen for både tilsette og studentar er i dag, nyttar veldig mange privatbil til og frå jobb/studiar. Det er eit ynskje frå HSH som etablert miljøfyrtårn, at både våre tilsette og studentar i størst mogleg grad nyttar seg av kollektive transportmidlar. Vi har m.a. lagt til rette for at mange skal kunna bruke el-bil, - og på grunn av dette redusert parkeringskapasiteten for «vanlege» bilar på Rommetveit som igjen aukar behovet for at folk reiser kollektivt.

Vi ser difor på arbeidet med å etablere betre kollektive transportordningar som ei hjelp i miljøarbeidet vårt. Det at vi kan få endå betre kollektive løysingar vil vere ei stor føremon for oss, og vi anmodar for tida våre tilsette om å bruke kollektivtransport til og frå jobb. Det er difor svært viktig og til god hjelp om det kjem opp endå betre løysingar enn dei vi har i dag. Vi håpar at informasjon og innspel frå oss kan vere til hjelp i dette arbeidet.

Med vennlig hilsen
Kjell Magnar Helland
Ass. Studiesjef

Kopi: Stord kommune, Skyss, Studentsamskipnaden